



Stig Atle Eide
Orrestein 27
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4696 - 16/3236

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.02.2016

Oppsummering etter møte - tiltak på gbnr 185/304 Isdal.

Vi viser til møte i dag vedkomande ferdigattest for tiltak på gbnr 185/304.

Etter synfaring på eigedomen viser det seg ikkje å vera samsvar mellom ferdigmelde og godkjende tiltak. Dette gjeld etablert tilbygg/terrasse må sør, etablert mur for sikring av skråning på nordsida av bustaden og etablert mur/rabatt langs grense grense mot nord.

Dei etablerte tiltaka kan legaliserast gjennom søknad om endring av løyve. Vedlagt søknaden må det følgja situasjonsplan som viser dei omsøkte tiltaka og naudsynte teikningar. Avstand til nabogrense og midt veg må gå fram av situasjonsplanen. Då tiltaka er plassert nærare nabogrense enn 4 meter må det leggjast ved søknaden skriftleg erklæring med samtykke frå naboar.

Den etablerte muren/rabatten mot nord synast plassert i strid med regulert byggjegrænse langs veg. Byggegrensa er lagt 4 meter frå eigedomsgrensa og inn på din eigedom. Godkjenning av muren slik han er plassert, krev at det ligg føre dispensasjon frå byggjegrænsa. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Gebyr for handsaming av dispensasjonar er per dato kr 9 200,-.

Vedlagt følgjer skjema for søknad om endring av løyve, situasjonskart og godkjende teikningar av bustaden.

Då frist for ferdigmelding av tiltaka er gått ut ber vi om at naudsynt søknad om endring av tiltaket vert send inn snarast og seinast innan 01.04.2016.

Vi gjer elles merksam på at etablert støttemur langs kommunal veg og nabogrense i sør, ikkje er ferdigmeldt. Muren er godkjend i eiga byggjesak. Vi tilrår at du tek kontakt med ansvarleg søkjar for å få ferdigstilt tiltaket med ferdigattest. Dokumentasjon som viser tiltaket slik det er etablert, «as build-teikningar», må leggjast ved søknaden.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5168-soknad-om-endring-av-ti
Gnr 185 bnr 304 situasjonskart
Gnr 185 bnr 304 regpl
Godkjende teikningar gbnr 185-304

Mottakarar:

Stig Atle Eide

Orresteinen 27 5916

ISDALSTØ